



Seim Bygg
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6740 - 15/27431

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.09.2015

Utsleppsløyve - fritidsbustad på gbnr 129/14 Titland søndre

Administrativt vedtak. Saknr: 367/15

Tiltakshavar: Ivar Skippervold
Ansvarleg søker: Seim Bygg AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gråvatn i samband med oppføring av fritidsbustad på gbnr 129/14 Titland søndre. Avlaupet frå eigedomen er planlagt reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før det reinsa avlaupet vert ført til bekk med heilårs vassføring.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 1 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.05.2015 med tilleggskommunikasjon mottatt 16.07.2015 og 04.08.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltaket er omfatta av det generelle plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen. Det er søkt om og gjeve løyve til dispensasjon frå plankravet i vedtak datert 01.09.2015, sak 366/15.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre merknader frå eigar av gbnr 129/10 og 129/13 i skriv datert 11.03.2015. Merknadane gjeld ivaretagelse av rett til adkomst for gbnr 129/10 og 13, ivaretagelse av drikkevasskjelde for gbnr 129/10 og 13 på omsøkte eigedom ved etablering av avlaupsanlegg, biloppstillingsplass langs vegen inn mot omsøkte eigedom, fortøyingsmast plassert på omsøkte eigedom og at BKK sitt luftspenn fram til gbnr 129/10 og 13 går over eigedomen. Det vert vist til nabomerknaden i sin heilskap.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har kommentert nabomerknad ved skriv datert 13.03.2015. I tilsvaret vert det gjort greie for at rettighet til adkomst og brønn skal oppretthaldast og at omsyn til vatn og avlaup slik skildra vil verta ivaretatt. Andre tilhøve er også kommentert, men vert ikkje referert då dei er av meir privatrettsleg karakter.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 04.08.2015.

Reinseløysing

Utsleppet av gråvatn frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar med etterfølgjande sandfiltergrøft før det vert ført til bekk med heilårs vassføring. Reinsegrada tilfredsstillar krav til utsleppsstad i mindre følsamt område. Det er ikkje gjort greie for særskilde brukarinteresser i området.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Administrasjonen vurderer at slamtømming er mogleg innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordning.

Slamavskiljarar tilknytt bustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for bustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Merknadane frå nabo er i imøtegått av tiltakshavar og vert vurdert ivaretatt gjennom søknaden. Rettar når det gjeld adkomst og vatn skal oppretthaldast. Plassering av avlaupsanlegget vil ta omsyn til nabo sine brønnrettar på eigedomen. Ytterlegare handsaming av nabomerknadane vert vurdert ikkje vera naudsynt.

Søknaden kan etter administrasjonen si vurdering godkjennast slik han ligg føre. Det vert sett vilkår om at eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Godkjenning etter andre lovverk

Det er gitt dispensasjon og løyve til tiltak etter pbl. i vedtak datert 01.09.2015, sak 366/15.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for gråvatn frå hytte (1 pe) på gbnr 129/14 på følgjande vilkår:

1. Gråvatnet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type med påfølgjande reinsing i sandfiltergrøft, med minimum 10 meter lengde, før avlaupet vert ført vidare til bekk med heilårsvassføring.
2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
3. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
4. Installering av vassklosett krev nytt utsleppsløyve.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda ifrå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å føra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klagae over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6740

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ivar Skippervold
Trond Tystad

Rosenberggate 2 4790

LILLESAND

Mottakarar:

Seim Bygg

Nesbrekka 28 5912

SEIM